

DEN NORSKE KYRKJA Kyrkjebø sokneråd

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 11.06.2019 kl 19.15 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Irene Aase Aarseth, Lisbeth Haugsbø, Anne Lise Ljotebø, Runar Matsui-Li (litt seinare),
og Sturla Bell Fossen.

Desse hadde meldt forfall:

Audun Digranes, Borgny Birkeland, Erlend H. Haugsbø og Stine Iren Røyseth.

Leif Arne Fureli og Jarle Berge møtte ikkje.

Irene Aase Aarseth leia møtet i Audun Digranes sitt fråver.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina
Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste: Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

Merknad: Høyanger sokneråd skulle, iflg. referatet frå sist, vore innkalla til dette møtet.

Saker til drøfting med Høyanger sokneråd vert utsett til vårt møte i august.

Meldingssaker:

000008 Soknepresten har ordet.

Posten vart sløyfa, då presten ikkje kom før seinare i møtet.

000009 Rekneskapsrapport.

Rapporten vert teken til vitring slik den føreligg.

000010 Revisjonsrapport rekneskapen 2018.

Rapporten vert teken til vitring slik den føreligg.

000011 Kyrkjevalet 2019.

Kyrkjebø sokn har berre 6 namn på lista. Vadheim er ikkje representerte.

Soknerådet vil måtte kome attende til korleis ein framover skal organisere rådsarbeidet.

Vedtaksaker:

Sak 018/19: Gudstenesteplan 2019.

Planen vert godkjend som føreslegen.

Skulegudstenestene, som biskopen oppmoda om, jmf. visitasmeldinga, må evt. avklarast med skuleleiinga.

framhald:

side 2 av 2 :

Sak 019/19: Gjennomgang av årshjul.

Orgelkonsertar:

Konsert oppsett i august: kanskje kan kantor, som nettopp har avlagt eksamen, spele noko av eksamensstoffet på denne konserten ?

Den må då marknadsførast som ei markering av G. Otterstein sin nyleg avlagde eksamen.

Ein evt. orgelkonsert før jubileumsgudstenesta med tidlegare organistar er ei sak for jubileumsnemnda.

Salmekvelder (drøfta med Audun D. pr. tlf.):

26.09. kl 19.15 i Vadheim, og med Seniorkoret som medverkande.

12. evt. 14.11. kl 19.30 på Kyrkjebø, og då med KUL-koret som medverkande.

Salmekveld i oktober vert sløyfa pga av andre jubileumsarrangement.

Trusopplæringstiltak:

Desse har T. Lange ansvar for, men bør vise att i årshjulet, om ikkje med dato, så i alle fall vekenr.

Sak 020/19: Planlegging av soknerådsvalet.

Soknerådet føreset at kyrkjekontoret ordnar alle lovfesta formalitetar kring valet (skaffar materiell o. l.).

Soknerådsmedlemene sine vakter valdagen vert i utgangspunktet fire timar, men ein kan byte innbyrdes.

I Vadheim har desse vakter: Borgny, Leif Arne, Audun + 3 til som må spørjast.

På Kyrkjebø har desse vakt: Sturla, Lisbeth, Jarle + at G. Bekkelien og to andre må spørjast.

Servering: frukt, kjeks, kaffi & te til vaktene ordnar Sturla på Kyrkjebø og Borgny i Vadheim.

Soknerådsmedlemene må stille fulltallig opp ved opptellinga av røystene i biblioteket på Kyrkjebø.

Sak 021/19: Kyrkjevertar 2. halvår 2019.

Soknerådet vedtek å berre oppnemne kyrkjevertar til og med september, og desse vert:

23.06.: Sturla, 07.07: Borgny, 14.07.: Anne Lise, 25.08.: Jarle, 08.09: Audun, 15.09.: Erlend, 29.09.: Leif A.

Sak 022/19: Offerliste 2. halvår 2019.

Offera siste halvår 2019 skal gå til Kirkens Nødhjelp julaftan, og elles til eige arbeid.

Møtet slutt kl: 21.00.

Sturla Bell Fossen

- skrivar –